


Torunn Aarhus og Endre Kvæstad
Skomakarteigen 13
4237 Suldalsosen

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Saksnummer: 201802490

Høringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår Ulla Førre utbygginga

Underteikna har eigedom (55/19, Suldal) med hytte, ved Mostøl i Bråtveit.
Viser til Statkrafts revisjonsdokument, der me ønskjer å gi vår uttale til kapittel 8.2.9 «Storåna ved Mostølen» (side 77/78 i dokumentet).



Figur 1 – situasjonskart Mostøl

Mostølområdet er ein av innfallsportane for Dyraheio landskapsvernområde og me meiner det vil vera til stor nytte for ålmenta dersom det kunne bli ei ordning med minstevassføring knytt til inntaka ved Kyrkjesteinåna og Jonstølåna. Hytteeigarar i området vil ha direkte nytteverdi, både som drikkevasskjelde og opplevingsverdi. Dagsturistar og fjellvandrarar som nyttar Stavanger Turistforening sine hytter vil få ei oppleving med vesentleg større kvalitet dersom ein kunne sleppe noko vatn i Storåna, forbi Mostøl.

Statkraft har lagt ned stor innsats i arbeidet som er gjort med erosjonssikring og bygging av tersklar langs eit parti av Storåna. Det er synd då, at det normalt over året er for lite lokaltilsig nedstraums inntaka og både tersklar og kulpar er jamt over tørre. Statkraft viser, på side 78, figur 33 bilete av tersklar/kulpar med vatn, noko som er ein svært sjeldsynt situasjon. Aktuelt bilete er teke i nedre del av område med tersklar og avstanden til grunnfjell er her liten noko som følgjeleg gir synleg vatn oftare men sjeldan så mykje som her. Forholda er annleis lenger oppe, der dei fleste ser elva frå, då her er mykje stor stein i elvebotn og vatnet renn i «dole», altså ikkje synleg i elvefaret. Elvefar/kulpar er altså normalt tørre i den strekninga folk flest ser.

Ein annan effekt av tørr elv (og følgjeleg vesentleg lågare grunnvasstand) er heilt klart dei setningane ein opplever inn over stølsområdet på Mostøl, mellom Storåna og Mosvatnet, der hytta vår ligg. Det er tydelege setningar på det som før var ein flat stølsvoll. At det er «liv» i grunnen er bra tydeleg i periodar der vatnet sleppast forbi. Ikkje mange dagar etter start vasslepp viser det seg i form av evjer i området der stølsvollen går over til myr, om lag 200 meter frå Storåna mot Mosvatnet. Jamn, lita vassføring i vil bidra til redusert setning.

Situasjonen i Storåna den 29. august 2021:

Som følgje av vedlikehaldsarbeid var inntaka ute ein periode i sommar, med opne luker og alt tilsig rann naturleg vassveg, forbi Mostøl. Det hadde vore ein ganske tørr periode i august og me fann det verd å utføre nokre enkle målingar ved inntaka, for å prøve å finne ei sannsynleg vassføring forbi Mostøl under dei gjeldande forholda.

Ved inntak Kyrkjesteinåna vart følgjande observert:

Breidd mellom pilarar (opning bjelkesteng):	b = 1,09 m
Høgde vassføring:	h = 0,1 m
Omtrentleg hastighet på vatnet:	v = 1 m/s
Antatt vassføring, Kyrkjesteinåna 29.08.21:	ca 0,1 m³/s

Ved inntak Jonstølåna vart følgjande observert:

Breidd mellom pilarar (opning bjelkesteng):	b = 2,04m
Høgde vassføring:	h = 0,1 m
Omtrentleg hastighet på vatnet:	v = 1 m/s
Antatt vassføring, Kyrkjesteinåna 29.08.21:	ca 0,2 m³/s

Antatt vassføring som vart slept mot Mostøl gjennom dei to inntaka var altså om lag 300 liter per sekund. Eit utval bilete nedanfor viser korleis situasjonen i elvefaret, som normalt er tørt, var denne dagen. Me noterer at Statkraft hevdar at slepp av vatn frå inntaka vil gi liten nytteverdi knytt til landskap og oppleving. Ein meiner effekten ikkje kan forsvarast opp mot kostnad med produksjonstap som dette vil påføre selskapet. Kostnad som følgje av produksjonstap kan ikkje me ta stilling til, men håpar at vår uttale kan bidra til eit meir nyansert bilete av effekten ei eventuell minstevassføring i Storåna vil få.

Me håpar denne utsegna kan takast inn i vurderinga NVE skal gjere, knytt til Storåna ved Mostøl.

Suldalsosen, 30.11.2021

Torunn Aa. Kvæstad

Endre Kvæstad



Figur 2: Foto 100 m nedstrøms Litlebrujvet, ved Holmen, 29. august 2021



Figur 3: 100 m nedstrøms Litlebrujvet, ved Holmen (Litlebrujvet i bakgrunnen), 29. august 2021



Figur 4: Nedre del av Holmen, vassføring i begge løp, 29. august 2021



Figur 5: Ved Holmen (venstre side) flott detalj ved terskel og erosjonssikring



Figur 6: ved «Vadet» Mostøl, 29. august 2021



Figur 7: Normalsituasjon i Storåna, her ved «Vadet», oktober 2021 (Mostøl i bakgrunnen)



Figur 8: Inntak Kyrkjesteinåna 29. august 2021



Figur 9: Vassføring inntak Kyrkjesteinåna 29. august 2021



Figur 10: Inntak Jonstølåna 29. august 2021



Figur 11: Vassføring inntak Jonstølen 29. august 2021



Figur 12: Del av stølsvoll Mostøl, 5. juli 2020 om lag 200 meter vest for Storelva – evjer som følge av vassføring Storelva og stigning i grunnvasstand



Figur 13: Mostøl, g.nr.55 b.nr.19